



Vågsøy kommune

Møteinnkalling for Oppvekst- og kulturutvalg

Møtedato: 20.11.2012
Møtested: Formannskapssalen, 3. etg. Rådhuset
Møtetid: Kl. 08:00 - 12:00

Innkallingen sendes medlemmene og de første varamedlemmer i hver gruppe. Varamedlemmer skal ikke møte uten nærmere varsel. Forfall må meldes til **tlf. 57 84 50 00 eller e-post til post@vagsoy.kommune.no** snarest. Forfallsgrunn må oppgis.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	
067/12	Godkjenning av møteprotokoll	
068/12	Referatsaker / Orienteringssaker	
069/12	Økonomiplan 2013 - 2016 Vågsøy kommune	

Måløy, 13.11.2012

Irene Sivertsen
konsulent



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	20.11.2012	067/12

Endelig vedtak i: Oppvekst- og kulturutvalg	Arkivsaknr.: 12/1709	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
---	--------------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 14.11.2012 vil bli utsendt når denne er klar.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	20.11.2012	068/12

Endelig vedtak i: Oppvekst- og kulturutvalg	Arkivsaknr.: 12/1708	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
---	--------------------------------	--

Referatsaker / Orienteringssaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	12/12032	07.11.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Sjumilssteget - til beste for barn og unge i Sogn og Fjordane

Sjumilssteget – til det beste for barn og unge i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen inviterer kommunane i Sogn og Fjordane til et felles løft for å setje barn og unge sine oppvekstvilkår på den politiske dagsordenen. Det gjer vi gjennom Sjumilssteget – til det beste for barn og unge. Sjumilssteget er eit felles løft for å gjennomføre FNs barnekonvensjon ute i kommunane.

Sjumilssteget hjelper kommunane med å konkretisere artikkane i barnekonvensjonen, slik at desse kan brukast til å planlegge og kvalitetssikre tenestene til barn og unge.

Sjumilssteget inviterer kommunane til å gjere ein analyse av kommunen sine samla tenester for barn og unge. Resultata av analysen kan kommunane bruke for å innføre tiltak som sikrar at dei oppfyller krava i barnekonvensjonen.

Bakgrunn

Satsing på gode oppvekstkår, å førebyggje problem og sikre god helse hjå barn, er eit av samfunnet sine viktigaste ansvarsområde. Kommunane sitt ansvar for barn omhandlar heile barndommen. Dei fleste barn klarer seg godt med den omsorga dei får heime. Det er likevel mange barn som har behov ut over dette og som ikkje får gode nok tilbod frå enkelttenester eller tenester som er samordna på ein slik måte at det heilskaplege behovet blir dekt. Sjølv om samfunnet generelt har vorte flinkare til å ta omsyn til barn og unge, er det framleis mange barn som opplever at dei ikkje har reell medverknad eller kan påverke forhold i lokalsamfunnet.

For Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er det eit overordna mål at kommunane blir flinkare til å sikre at barn får delta i samfunnsutviklinga og at kvart barn og kvar familie får nødvendige og tilstrekkelege tilbod frå dei ulike tenestene i kommunen. For å bidra til nå dette målet, introduserer difor Fylkesmannen Sjumilssteget.

Sjumilssteget

FNs barnekonvensjon vart vedteken av FNs generalforsamling 20.11.1989. Barnekonvensjonen er ratifisert av nesten alle landa i verda og inneber at nasjonale styresmakter må følgje dei ulike artikkane i konvensjonen. Nasjonane som har godkjent barnekonvensjonen har plikt til å tilpasse lovgiving og praksis i samsvar med konvensjonen. Konvensjonen er utforma utan omsyn til korleis kvart enkelt land eller lokal styresmakt vel å organisere sine tenestetilbod, og inneber difor ei plikt for ulike deler av tenesteapparatet til å samarbeide om å gi barn dei rettane dei har fått gjennom barnekonvensjonen. Barnekonvensjonen er førande for kommunal verksemd. Kommunane må sørgje for at rettar som må løysast i fellesskap mellom ulike kommunale tenester til barna sitt beste, blir organiserte slik at samarbeidet fungerer i praksis.

Som ledd i kvalitetssikringa av om kommunane reelt tek sin del av ansvaret, introduserer vi Sjumilssteget. Sjumilssteget er eit hjelpemiddel til analyse og kontroll av evne og vilje i kommunen til å arbeide til det beste for barna i tråd med sentrale artikkelar i barnekonvensjonen. Dei sju stega er:

1. **Medverknad** (Artikkel 12)
2. **God omsorg** (Artikkel 18)
3. **Særskilt vern og støtte** (Artikkel 20)
4. **Vern mot overgrep** (Artikkel 34 og 36)
5. **Fullverdig liv** (Artikkel 23)
6. **God helse** (Artikkel 24)
7. **God utdanning** (Artikkel 28 og 29)

Til kvart steg har Fylkesmannen utarbeidd kontrollspørsmål i form av ei sjekklister som kan nyttast til å analysere tenestetilbodet. Denne kan kommunen bruke til å vurdere kvaliteten på dei ulike tenestene, og til å vurdere i kva grad dei ulike tenestene samarbeider om å gi tilbod til barna og familiane. Lista følgjer som vedlegg til dette brevet. Fylkesmannen ønskjer elektronisk svar på analysen, og vi ber kommunen om svare ved å logge seg inn på følgjande lenke:

Analysearbeid i kommunane i 2012

Fylkesmannen ber om at kommuneleiinga startar ein analyse av kommunen sitt tilbod med utgangspunkt i spørsmåla i Sjumilssteget. Vi ønskjer at denne analysen blir sendt som ei *førebels statusvurdering* til Fylkesmannen *innan 01.12.2012*. **Analysen bør gjennomførast av ei tverrfagleg og tverretatleg gruppe i tillegg til at kommunen også analyserer samarbeidet mellom tenestene i kommunen.** Her må kommunane vurdere om ulike tenester har etablert nødvendige samarbeidsorgan og rutinar som sikrar nødvendig og tilstrekkeleg samarbeid både generelt og i enkeltsaker. Fylkesmannen ber og om at kommunane vurderer om det er høve til å auke samarbeidet med frivillig sektor. Fylkesmannen rår til at den førebelse statusvurderinga blir lagt fram for politiske organ, her og for kommunestyret. I dei kommunane dette vert gjort, ber Fylkesmannen om at utskrift av kommunestyret si handsaming følgjer med tilbakemeldinga som vedlegg.

Vi understrekar at Sjumilssteget ikkje pålegg kommunane nye oppgåver eller plikter på dei ulike områda. Sjumilssteget er i hovudsak meint som ei hjelp for kommunane til å vurdere både omfanget av og kvaliteten på allereie eksisterande tenester til barn og unge. Med dette hjelpemidlet kan kommunane finne forbettringspunkt og setje i gang tiltak der det er nødvendig.

Sjumilssteget er ikkje uttømmende for alle områda kommunen har ansvar for, men det tek opp sentrale punkt som er særleg viktige å ha merksemd på. Kommunane må sjølve stå fritt til å utvikle sin analyse til å bli meir omfattande dersom det er behov for det.

Fylkesmannen håper at kommunane vil nytte Sjumilssteget i det framtidige arbeidet med å kvalitetssikre tilbodet som blir gitt til barn og foreldre også etter 2012. Kommunane sine statusvurderingar for 2012 blir samla av Fylkesmannen og vil danne grunnlag for seinare oppfølging og samarbeid frå Fylkesmannen si side. Vi oppmodar dei kommunane som ønskjer å jobbe vidare med Sjumilssteget til å oppnemne ein sjumilsstegskoordinator som kan vere kontaktperson inn mot Fylkesmannen i det vidare arbeidet.

Oppfølging frå Fylkesmannen

a. Prosjektmidlar

Fylkesmannen vil arbeide for å få på plass prosjektmidlar til 2013 som kommunane kan søkje på til delfinansiering av tiltak eller planar som kan knytast til Sjumilssteget.

b. Framdriftsplan

Fylkesmannen vil i mars 2013 halde ein større konferanse for kommunetilsette, politikarar og frivillige organisasjonar der vi presenterer funna frå kommunekartlegginga. Ut frå resultatane i kartlegginga og ei nærmare vurdering, vil Fylkesmannen vurdere å velje ein pilotkommune som får tett oppfølging. Konferansen vil ha tema som omhandlar arbeid med barnekonvensjonen og presentasjon av vegen vidare i prosjektet.

c. Fagleg råd og rettleiing

Kommunar som har behov for det, kan kontakte Fylkesmannen for nærmare råd og rettleiing om Sjumilssteget.

Følgjande kontaktpersonar kan gi råd:

Namn	Tlf./e-postadresse	Arbeidsområde
Bodhild Therese Cirotzki	57643108 fmsfboc@fylkesmannen.no	Utdanning/barnehage
Line Døsen	57643180 fmsflpd@fylkesmannen.no	Barnevern
Hanne Sæbø	57643171 fmsfhas@fylkesmannen.no	Helse og sosial
Björg Eikum Tang	57643174 fmsfbet@fylkesmannen.no	Helse og sosial
John Ole Vange	57643110 fmsfjov@fylkesmannen.no	Utdanning
Magne- Bjarne Hatlem	57643008 fmsfmbh@fylkesmannen.no	Leiing og stab
Randi Erdal	57643073 fmsfrer@fylkesmannen.no	Landbruk
Dag Endre Stedje	57643150 fmsfdst@fylkesmannen.no	Miljø/plan



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	19.11.2012	
Oppvekst- og kulturutvalg	20.11.2012	069/12
Formannskap	21.11.2012	
Helse-og omsorgsutvalg	26.11.2012	
Oppvekst- og kulturutvalg	26.11.2012	
Formannskap	28.11.2012	
Kommunestyre	12.12.2012	

Endelig vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 12/1213	Saksansvarlig: Norvall Bakke
---	--------------------------------	--

Økonomiplan 2013 - 2016 Vågsøy kommune

Rådmannens innstilling

Kommunestyret godkjenner rådmannens fremlegg til årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013 - 2016.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

[LOV-1992-09-25-107](#) KommuneLoven – koml. Lov om kommuner og fylkeskommuner

- [2000.12.15 nr 1423](#): (KRD) Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1424](#): (KRD) Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1425](#): (KRD) Forskrift om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner

31.05.2011: Økonomireglement for Vågsøy kommune

31.05.2011: Finansreglement for Vågsøy kommune

Bakgrunn for saken

Rådmannens forslag til budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016 legges frem for behandling.

Merk: Dokumenter legges til saken etter hvert som de er klar.

Saksopplysninger / fakta

Viser til vedlagte dokument "Vågsøy kommune Økonomiplan 2013 - 2016" med vedlegg.

Merk: Dokumenter legges til saken etter hvert som de er klar.

Vurdering / konsekvenser

Viser til vedlagte dokument "Vågsøy kommune Økonomiplan 2013 - 2016" med vedlegg.

Merk: Dokumenter legges til saken etter hvert som de er klar.